

Kostnader til servicepensjon i 2017 og 2018

Ifølgje utrekninga/stipuleringa som eg sende til deg sist veke fordelar bruttokostnaden til servicepensjon seg som følgjer:

År	Bruttokostnad inkl. arb.gjevaravgift
2017	Ca. 284.000 kroner
2018	Ca. 341.000 kroner

Eg trur ikkje det vil vera nokon ekstrakostnad i 2019, men dette kan eg sjekka nærmare med KLP dersom du ønskjer det. Eg kan også be KLP rekna ut nøyaktige tal for kostnad til servicepensjon dersom du ønskjer det.

Kostnader til lønstillegg gitt i 2016

Når det gjeld 2016, så vil eventuell ekstrakostnad relatera seg til differansen mellom lønstillegget på 15% og lønstillegget Tone Ramsli ville ha fått i 2016 dersom det ikkje vart inngått avtale om alderspensjon. Det er vanskeleg for meg å vita kva lønstillegg ho ville ha fått dersom det ikkje vart inngått avtale om alderspensjon. Nedanfor har eg sett opp eit par eksempel med stipulering av lønskostnaden i 2016 (inkludert feriepengar, pensjonsavgift og arbeidsgjevaravgift) ved lønstillegg på hhv 5%, 10% og 15% med verknadsdato 01.05.2016.

Tekst	Kostnad i 2016
Kostnad i 2016 for lønstillegg på 15% mvf 01.05.2016 (årslønsauke på ca. 113.000 kroner)	Ca. 100.000 kroner
Kostnad i 2016 for lønstillegg på 10% mvf 01.05.2016 (årslønsauke på ca. 75.000 kroner)	Ca. 66.000 kroner
Kostnad i 2016 for lønstillegg på 5% mvf 01.05.2016 (årslønsauke på ca. 38.000 kroner)	Ca. 33.000 kroner

Ekstrakostnaden i 2016 for eit lønstillegg på 15% i forhold til eit lønstillegg på for eksempel 5% vil då bli ca. 66.000 kroner. Ekstrakostnaden i 2017 (for perioden 01.01 – 28.02.2017) vil vera ca. 2/12 av dette, d.v.s. ca. 11.000 kroner.

Dette notatet er utarbeida av sektorleiar organisasjon Jan Erik Boge.